



KSL-medisinstandard

Bruk av medisinar til produksjonsdyr

KSL-medisinstandard
er ein del av
KSL-standardene
i husdyrproduksjonane



Alle foto: Håvard Simonsen, Faktotum Informasjon



Innleiing

KSL-medisinstandard er husdyrnæringa sitt minimumskrav til kontroll med medisinbruken. Praxis i besetninga kan vere strengare. Standarden definerer dei krava som kvalitetssystemet (KSL) stiller til husdyrproduzentane.

Det er eit mål å etablere rutinar for førebyggjande helsearbeid i alle besetningar.

Klinisk undersøking, diagnose og medisinsk behandling er veterinæren sitt ansvar. I behandling av sjuke dyr skal det nyttast relevant diagnostikk/relevante testar og effektive medisinar til rett tid, i riktig mengd og med rett informasjon.

Husdyrproduzent har ingen rett til å krevje å få behandle eigne dyr. Dyreeigar kan på gitte vilkår og etter avtale med veterinær, behandle eigne dyr. KSL-medisinstandard skal kvalitetssikre all bruk av medisinar.

Føremål

Det er et overordna mål å ha så lite bruk av medisinar som mogleg. Dette gjeld generelt og for antibiotika spesielt.

Dyra sin velferd skal ivaretakast.

Forbrukarane skal kunne ha tillit til at matvarer frå husdyr ikkje inneheld helseskadelege medisinrestar, smittestoff eller resistente bakteriar.

Sjuke dyr skal få rett behandling og all medisinbruk skal dokumenterast.

Unødig behandling skal ikkje førekomme.



Foto: Håvard Simonsen, Faktotum Informasjon

1 Krav ved all medisinbehandling

KSL-medisinstandard omfattar reseptpliktige medisinar. Andre medisinar eller behandlingsmåtar vil omfattast av denne standarden om mattryggleik eller omsyn til dyrevelferda, tilseier det.

Når det er gitt anbefalingar for medisinbruk (terapianbefalingar, frå helsetenestene og liknande), bør disse følgjast.

Medisinbruk er veterinæren sitt ansvar og skal baserast på diagnose stilt av veterinær.

Det er alltid bonden sitt ansvar at det ikkje vert levert produkt som inneheld reststoff av medisin.

All bruk av medisin skal først på helsekort, verpeliste eller dagliste og innrapportering skal skje etter dei krava som gjeld til einkvar tid.

Første moglege dato når mjølk, slakt eller egg kan leverast varemottakar (tilbakehaldingstid) skal gjevast skriftlig:

- For mjølkeku og mjølkegeit skal lappane «Tilbakeholdelse av mjølk og kjøtt» frå Helsetenesten for storfe nyttast.
- For kjøttproduserande dyr skal første slaktedato først i helsekortet.
- For fjørfebesetningar skal meldinga gjevast skriftleg til varemottakar og først på dagliste/verpeliste.

Merking og informasjon om medisinbehandla dyr (individ, bingje, flokk) skal vere på en slik måte at det kjem klart fram for alle som steller dyra, kva dyr som er behandla og tilbakehaldingsfristen som gjeld for levering av produkta.

2 Behandlingsrutinar

2.1 Behandling av einskilddyr eller fleire dyr med same diagnose

Vidarebehandling av einskilddyr eller fleire dyr med same diagnose, kan berre skje etter at veterinæren har stilt diagnose og starta behandling. Behandlinga skal først i helsekort. Denne behandlinga krev ikkje medisineringsavtale. Det er berre slik behandling som vert akseptert på mjølkeproduserande dyr (mjølk til humant konsum) eller fjørfe.

2.2 Behandling ved medisineringsavtale

Om det vert etablert andre behandlingsrutinar i besetninga, stillast det strenge krav til at dette er tilrådeleg og til dokumentasjon. Slik behandling må byggje på god dialog og tillit mellom dyreeigar og veteri-

nær. Om føresetnadane ikkje er oppfylte eller veterinæren ikkje finn at slik behandling er forsvarleg, skal ikkje slik behandling skje.

Fylgjande betingelsar gjeld om det etablerast behandling med medisineringsavtale:

- Diagnose skal være stilt av veterinær, ved klinisk undersøking.
- Det skal føreliggje ein skriftleg avtale – Medisineringsavtale – mellom dyreeigar og avtaleveterinær. Berre KSL medisineringsavtale kan nyttast. Skjemaet kan hentast på www.ksl.no
- For å inngå medisineringsavtale er det krav om avtale med veterinær om minst årleg helsekontroll med fokus på førebyggjande helsearbeid. Denne avtala skal innehalde:
 - Kartleggingsbesøk/beskriving av sjukdomstilstand
 - Plan for førebyggjande tiltak
 - Oppfølgingsbesøk og vurdering av tiltak
- Dyreeigar skal dokumentere tilstrekkeleg opplæring i bruk og oppbevaring av medisinar. Opplæringa skal være både teoretisk og praktisk. Matmerk beskriv krav til opplæring nærare.
- Medisinar skal utleverast/reseptrekvirast i samsvar med lovverket
- Første slaktedato skal førast i helsekort
- Det skal aldri være tvil om kva dyr som er medisinerte

Medisineringsavtale

- Medisineringsavtala gjeld for maksimum 30 dagar.
- Dyreeigar skal føre medisinrekneskap på skjema godkjent av Matmerk. Skjemaet kan hentast på www.ksl.no
- Kvar avtalt behandlingsperiode avsluttast med kontroll ved avtaleveterinær og evaluering av gjennomført medisinering. Kontrollen skal gjennomførast innan 7 dagar etter at avtaleperioden er gått ut.
- Det skal ikkje finnast legemiddel utlevert i samband med medisineringsavtalen etter at avtaleveterinær har vært på kontroll ved slutten av avtaleperioden.



Foto: Vera Gjersøe, Husdyrfoto

3 Vaksinerings, parasittbehandling og rutinebehandling

Rutinemesseg vaksinerings, parasittbehandling og jerninjeksjon kan gjevast av dyreeigar etter samråd med veterinær. Dette gjeld og annan rutinebehandling som ikkje krev tilbakehaldingstid. Rutinane skal være godt innarbeid i besetningen og veterinæren skal vurdere om det er forsvarleg at dyreeigar føretek handlinga. Handlinga skal førast på helsekort og rapporterast. Slik eigenmedisinerings kan berre skje om det er etablert avtale om minimum årlig helsekontroll i besetningen – med fokus på førebyggjande helsearbeid.

4 Oppbevarings av medisinar

Medisinar skal oppbevarast sikkert og utilgjengeleg for uvedkommande. Medisinar skal oppbevarast slik det går fram av informasjon på pakning eller etter instruksjon frå veterinær, og aldri saman med andre kjemikalier.

5 Avvik frå standarden – dispensasjon

Standarden kan unntaksvis fråvikast om spesielle geografiske forhold tilseier fare for dyras liv og velferd avdi veterinæren ikkje kan få behandling innan rimeleg tid. Veterinær skal ha oppfølging av handlinga. Alle avvik frå medisinstandarden skal kunne dokumenterast ved KSL-revisjon. Dette gjeld alle dyreslag.

Definisjonar

Medisin: Med medisinar forstås ein preparat som er meint brukt til å førebyggje, lege eller lindre sjukdom eller smerte, påverke fysiologiske funksjonar hos dyr, eller ved innvortes eller utvortes bruk til å påvise sjukdom.

Vidarebehandling av einskilddyr: Slutføring av ein behandling av einskilddyr. Veterinær har stilt diagnosen og starta behandlinga.

Avtaleveterinær: Avtaleveterinær er veterinæren eller veterinærgruppa som husdyrprodusenten inngår medisineringsavtale med. Berre avtaleveterinær kan overlata til dyreeigar å setje i verk medisinsk behandling av eigne dyr, som nemnd i punkt 2.2 i KSL-medisinstandard.

Medisineringsavtale: Avtale om dyreeigar sin behandling av eigne dyr etter punkt 2.2 i Medisinstandarden. Avtalen inngåast mellom avtaleveterinær(ar) og dyreeigar. Avtale skrivast på standard skjema «KSL Medisineringsavtale».

Medisinrekneskap: Ein fullstendig journal over kjøpte/mottekne medisinar (rekvirerte/utleverte) og medisinar gitt til kvart einskilddyr (dato og mengd), og diagnose. Førast på standard skjema som er ein del av skjemaet «KSL Medisineringsavtale».

Skjema kan hentast på www.kslmatmerk.no

- KSL Medisineringsavtale med skjema for føring av medisinrekneskap

Lover og forskrifter:

- Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven)
- Lov om dyrevelferd
- Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell
- Lov om rekvirering og utlevering av legemidler fra apotek
- Forskrift om velferd for produksjonsdyr
- Forskrift om bekjempelse av dyresjukdommer
- Forskrift om bruk av legemidler til dyr
- Forskrift om hold av storfe
- Forskrift om hold av svin
- Forskrift om velferd for småfe
- Forskrift om hold av høns og kalkun
- Kjemikalieforskriften

Matmerk

Tollbugt. 32
Postboks 487 Sentrum
0105 Oslo
Tlf: 24 14 83 00

E-post: ksl@matmerk.no

www.ksl.no